

## Referat frå årsmøte/arbeidsmøte i Bygdeboknemnda for Lindås sokn

Desse var til stades: Kjell Hauge, Hans Jakob Låstad Lygre, Irene Iversen, Ove Jan Paulsen, Reidar Haukås, Gjertrud Fanebust. Karstein Stene, Sigbjørn Tenjum, Audun Fanebust var ikkje til stades. Jarle Fanebust var til stades på heile møtet.

Sak 1. Opning. Ein høgtideleg dag: Frå nyttår er me heilt gjelfrie!

Sak 2. Rekneskap og årsmelding som var sende ut på førehand, vart gått gjennom og godkjende utan merknader.

Sak 3. Jarle gjorde greie for det han har gjort med biletta. Databasen fungerer for søk på gards- og bruksnr. og ein del stikkord, og deler av stikkord. Han vil rydda litt meir i ein del cd-ar som er utanom systemet. Ein kan no leggja ut biletta på nettet til folk som spør etter kopiar. Dei kan då få ei tidsavgrensa adresse der dei kan henta biletta. Dette kan Jarle ta seg av. Me bør ha eit møte rett over vinterferien der ein tek opp saka om biletstoffet. Det er viktig å få tak i fleire av dei eldre biletta som forsvinn når eigarane er borte. Me bør ha ei gruppe som arbeider med dette. Kjell, Jarle og Bjarte må vera med, og Terje Kolås og Kirsten Fjellanger vart nemnde som aktuelle personar som me veit er interesserte i slikt arbeid. Kjell tek kontakt med dei. Seinare kan fleire koma med, kanskje er dette interessant for data-og mediagruppa i ungdomslaget? Gjertrud kan snakka med Arild Pedersen. Eilif Stene har lova å koma med framlegg til ulike kategoriar og prisar. Alle kan sjå kvad ei finn ut om praksis for slikt arbeid andre stader.

Sak 4. Intervju av eldre. Hans Jakob kan halda fram med dette. Han og sigbjørn er godt i gang. Viktig å tenkja på nye aktuelle intervjuobjekt! Dei har starta med Reidar- kven vert dei neste? (Ide: kan ein dela ut intervjuarket på førehand, slik at dei får tenkja og notera litt?)

## Sak 5. Andre saker

- a) Jarle ordnar med e-postadresse til kontoret. Me brukar gmail, (lindaas.bygdebok@gmail.com?)
- b) Gjertrud får lagt Bygdeboknemnda inn på heimesida til Lindåsbygda. (Ventar med det til me har e-postadresse)
- c) Me bør prøva å få til eit kurs i slektsgransking. Alle samlar gode idear. (Jostein Walle, tidlegare lærar ved Lindås gymnas, har nyleg gått på kurs i Bergen. Kan me få han til å laga kurs, er det flott. Kanskje me kan få til samarbeid med kommunen?)
- d) Fram til nyttår var det betalt inn 55 000 kr for boka til Karstein, "Grøn var min barndoms dal". Dette er nøyaktig det det kosta å få trykt boka- eit nesten utruleg treff! No er det berre nokre få eksemplar att, og mest alle kjøparane har betalt. Det vert såleis eit lite overskot.
- e) "Nokon" bør skriva ut intervjuet me har på band. Kjenner de folk som kan gjera dette?
- f) Me må ikkje gløyma papira etter Kolbjørn Fjellanger. Her er mykje godt stoff, t.d. om butikkdrift under krigen, samferdsle (møtebøker for trafikklaget som starta med Fjordbussane m.m.)
- g) Ny skrivar/kopimaskin. Dette må takast opp på neste møte.

Møtet slutt ca kl 20. 15. Ref. gf